

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 05.09.2022

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk

Tid: Måndag 05.09.2022
Møtestad: Administrasjon Eidsmona / videomøte

Til stades: Sven Flo, Espen Sortevik og Gunnvor Sunde
Siri Sandvik og Jan Henrik Nygård deltok elektronisk på Teams

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk

SAK 24/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 25/22 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 13.06.22 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 05.09.2022

SAK 26/22 PERIODEREKNESKAP PR. 30. JUNI 2022

Vedlagt følger rekneskapsrapport.

Resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 2.663.482,- mot budsjett kr. 1.199.690,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 2.499.624,- mot budsjett på kr. 1.000.173,-

Kommentarar:

- bokført resultat etter finans er kr. 1.499.551,- over/under budsjett
- inntekter på abonnementsgebyr både på husholdning og næring er periodisert pr. 30.06.2022 i samsvar med faktisk/berekna fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngående faktura pr. 30.06.2022 er bokført eller avsett i perioden
- renteinntekter og renteutgifter pr. 30.06.2022 er iht. budsjett
- endring i lager av avfall er ikkje vurdert

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 30. juni 2022 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 27/22 EIGARSKAP I RETURA NOMIL AS (unn.off. §§14 og 15)

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Saka vert utsett

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.09.2022

SAK 28/22 BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023 - 2026

NoMil skal etter selskapsavtalen, og som basis for god økonomistyring, ha eit budsjett og ein økonomiplan. Disse skal utarbeidast av styret og vedtakast av representantskapet i NoMil. Disse skal og danne grunnlag for fastsetting av renovasjonsgebyr for komande år, som skal endeleg vedtakast av kommunestyra i NoMil-kommunane.

GRUNNLAG FOR BUDSJETTARBEIDET FOR 2023:

- Rekneskap 2021 og budsjett 2022
- Basisføresetnader, løns- og prisstigning
- Fastsetting av inntektsgrunnlaget for verksemda gjennom forskrift for renovasjonsgebyr og prisar på varer og tenester.
- Styret sine føringar til vidare utvikling og satsingsområde

BUDSJETT 2022 OG REKNESKAP 2021

Resultatet for 2021 viste eit årsresultat på kr. 4.901.030,- etter skattekostnader. I 2022 er det budsjettert med eit årsresultat på kr. 421.394,-

BASISFØRESETNADER OG GENERELL KOSTNADSUTVIKLING

SSB konsumprisindeksen har dei siste 12 månader gått opp 6,8 %. Budsjettert prisstigning knytt til drift, transport og handsaming av hushaldningsavfall er budsjettert ut frå gjeldande avtaler justert for ekstra avgifter og transportindeks siste 6 månader. Andre driftsrelaterte kostnader er auka med 3,5%.

Ordinære renovasjonsgebyr er budsjettert med ei auke på 3,75% i 2023. Dette er 0,75% over berekna gebyrauke i Økonomiplan 2022 – 2025 vedteken i 2021.

Slamgebyr er auka med 8,3% i tråd med transportindeks 1 halvår 2022.

Renovasjonsgebyret er berekna ut frå

- drivstoffkostnader innkøyring og handsaming av avfall, bilar og maskiner
- kostnad på levering av restavfall grunna innføring av ny forbrenningsavgift (+10,25%) og auka drivstoffkostnader uttransport (+13,9% frå 2021K3 til 2022K»)
- uttransport og handsaming av våtorganisk avfall
- kostnader knytt til nytt utsleppsløyve og etablering av forsterka industri- og brannvern og andre ordinære driftskostnader
- sentrale føringar for lønsoppgjer pluss intern lønsharmonisering

Økonomiplan 2023 - 2026

Det er utarbeidd ein overordna økonomiplan for 2023 - 2026, der 2023 er basisbudsjettet. Kostnader til fornying av maskin- og bilpark er lagt inn med like årlege beløp. Det er ikkje lagt inn nye stillingar i økonomiplan fram til 2026.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.09.2022

Det er ikkje lagt til grunn endring i eigarsamansetjing, innbyggartal eller abonnementsvolum i planperioden.

Avklaringar knytt til nytt utsleppsløyve kan føre til nye investeringar i bygg og anlegg etter pålegg frå statsforvaltar. Nye investeringar i planperioden knytt til mogelege tiltak, vil bli aktivert og avskrive etter gjeldande satsar.

Det er budsjettert med 0,25 mill. i konsulentkostnader knytt til kartlegging og prosjektering av tiltak i 2023.

Det er lagt inn ei generell årleg auke i økonomiplanen på 3,0 % i perioden 2023 - 2026 på både inntekter og kostnader.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til Budsjett for 2023
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å endre inntekter og utgifter i driftsbudsjettet for 2023 dersom budsjettendringane ikkje fører til at netto driftsresultat vert vesentleg forverra.
3. Styret sitt framlegg til Økonomiplan 2023 - 2026

Styret si

INNSTILLING

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 29/22 RENOVASJONGEBYR FOR 2023

Gebyrforskrifta for 2023 er ei vidareføring av gjeldande gebyrforskrift.

Auka gebyr er berekna ut frå budsjett for 2023 og følgjande prosentsats justert til næraste heile krone:

3,75 % Samla auke i gebyrsatsane

Styret vedtek betalingsordning for levering av avfall til gjenbruksstasjonane og til Eidsmona sentraltmottak som eiga sak. Denne betalingsordninga er ikkje omfatta av denne gebyrforskrifta.

Administrerende direktør si

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.09.2022

TILRÅDING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2023 med ein auke på 3,75 %, slik det går fram av forskrifta i denne saka.

Styret si

INNSTILING

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 30/22 SLAMGEBYR FOR 2023

Gebyrforskrifta for 2023 gjeld for kommunane Bremanger, Stad og Gloppen, og er ei vidareføring av gebyrforskrifta for 2022.

Kontrakt

I følgje kontrakt mellom Norva24 Vest AS og NoMil skal prisane indeksregulerast pr. 01.01. kvart år. Til grunn for indeksreguleringa ligg Statistisk sentralbyrå sin kostnadsindeks for lastebiltransport – indeks renovasjon hushaldningsavfall.

Grunnlag for prisendring 2023

Auken i kostnadsindeks for dei siste 12 månadane (SSB 2021K2 – 2022K2) er 13,76%. Auken fyrte halvår i 2022 (SSB 2021K4 – 2022K2) er 8,30% og lagt til grunn for slamgebyrendring 2023.

Til orientering var auken i kostnadsindeks i 2021 på 8,11% som grunnlag for gebyr 2022. Auken i slamgebyr for NoMil-kommunane for 2022 var på 3,0% (5,11% under indeks).

Samla gebyrauke i 2023 er berekna til **totalt 8,3%** justert til næraste heile krone, som skal avstemmast mot faktisk endring i samsvar med gjeldande leverandøravtale.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2023 med ein auke på 8,3 %, slik det går fram av forskrifta i denne saka.

Styret si

INNSTILING

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.09.2022

SAK 31/21 PRISAR PÅ AVFALL 2023 (unn. off. §§14 og 15)

SAK 32/22 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status frávær og personale

- Sjukefráværet januar – juni 2022 var samla for heile selskapet på 4,77% som er tilsvarande i april. Fráværet skuldast i stor grad langtidsfrávær over 2 månader med 287 dagar i fyrste halvår. Korttidsfrávær 1-16 dagar var på 114 dagar. Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefrávær i mars og april.

Status drift

- Drifta på hovudanlegget, mengde avfall og aktivitet på gjenbruksstasjonane i 2 kvartal har vore normalt i forhold til tidlegare år
- Normal drift i renovasjonsavdelingane
- Auka driftskostnader grunna endra drivstoffkostnader og prisindeksjustering
- Godkjent etterdriftsløyve deponi Ivahola, oppfølging/tiltak og bruk av hageavfall tildekking av skråningar rundt deponi

Status etablering av biogass-produksjon i regionen

- Orientering om status.
 - Tilbakemelding søknad prosjektmidlar til Vestland fylkeskommune
 - Status prosjekt og vegen vidare.

Etter drøftingar, er styret samde i følgjande :

- ✓ Styret tek tilbakemelding frå VLFK til etterretning
- ✓ Administrasjonen skal avklare med aktuelle samarbeidspartar om etablering av eit selskap som i det vidare arbeidet skal vere den formelle prosjekteigar
- ✓ Gloppen kommune har informert om at det truleg vert ei 3. høyringsrunde om arealplanen, men har signalisert at dei er positive til å vere ein aktiv part/eigar i eit nytt selskap.
- ✓ NoMil deltek på eigarsida innanfor rammer avsett til utvikling og etablering av framtidsette og kostnadseffektive løysingar for handtering av avfall.

Slamordning, utlysing av felles anbod

- Felles slam anbod for NoMil, Sunnfjord Miljøverk, SIMAS, Stryn kommune og Kinn kommune i perioden 01.01.2024 til 31.12.2029 med opsjon på 1+1 år, er lyst ut på Doffin den 30. juni 2022 med endring den 18.07.2022.
Tilbudsfrist er 19. september 2022.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.09.2022

Kundetilfredsheit undersøking hausten 2022

- NoMil har fått tilbod på kr. 90.000,- eks. mva. for gjennomføring av 1750 intervju i våre 5 kommunar siste del av 2022.

Etter drøftingar, er styret samde i følgjande :

- ✓ *Administrasjonen gjennomfører undersøkinga innanfor tidlegare vedtekne budsjett hausten 2022.*
- ✓ *Styret vurderer ny undersøking haust 2024.*

Felles fagressurs med ansvar for oppfølging av forureiningssaker

- NoMil har fått innspel frå Kinn kommune om NoMil kan vurdere å tilsett ein fagressurs med ansvar for oppfølging av forureiningssaker etter plan- og bygningslova og forureiningslova i alle eigarkommunane.
Ansvar for kommunale avfallsordningar, herrelaust avfall, nye miljøkrav mm.

Eigarkommunane er utfordra til å dekkje faktiske kostnader.

Pr. dato har ingen kommunar kome med tilbakemelding.

Etter drøftingar, er styret samde i følgjande :

- ✓ *Styremedlemmane føl opp førespurnaden i sin eigen kommune.*

Sign. :	
---------	--